



SAKSFRAMLEGG

Framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2024 - 2027

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek at framlegg til planstrategi for Masfjorden kommune 2024 – 2027 dagsett 28.02.2024 vert lagt ut på høyring. Det vert vist til plan- og bygningslova sin § 10-1.

Bakgrunn og fakta:

Plan- og bygningslova sin § 10-1 pålegg alle kommunar innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre å utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Nedunder er lovteksten vist:

§ 10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Den første planstrategien i Masfjorden kommune vart vedteken i kommunestyret den 30.10.2012 etter at kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vart vedteken den 31.mai 2012. Noverande planstrategi gjeld for perioden 2020 – 2023, og administrasjonen har også teke utgangspunkt i

denne, når ein no har utarbeidd framlegg til ny planstrategi. Framlegget inneheld og ein oversikt over kva som har skjedd av større planarbeid i kommunen sidan samfunnsdelen vart godkjent.

Fokusområda heilt frå kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2012 har vore desse områda:

Bru over Masfjorden
Lokalsamfunnsutvikling - folketalsauke og bustadbygging
Samfunnstryggleik og beredskap
Energi og klima
Folkehelse
Kvalitet og kompetanse
Kommunale tenester

Som vedlegg til denne saka vert dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 » lagt ved. Dei nye nasjonale forventningane har fem overordna perspektiv, som er valt som utgangspunkt for kapittelindelingane i forventningsdokumentet.

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Til kvart av desse tema er det formulert forventningar, og det er til saman 72 slike forventningar i dokumentet.

Vestland fylkeskommune har i brev dagsett 05.12.2023, sjå vedlegg, kome med synspunkt på innhaldet i dei kommunale planstrategiane i Vestland. I brevet viser dei regionale føringar og nyttig kunnskapsgrunnlag som fylkeskommunen har. Vidare vert det vist til Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 – som er den regional planstrategien, og til kunnskapsgrunnlaget som ligg i Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028. Vidare vert det vist til at folkehelseoversikt er ein lovpålagd del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommunal planstrategi.

Utfordringsrapporten peikar på berekraftsutfordringar, konflikhtar og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av dei ulike utfordringsområda vist i rapporten. Desse er:

- regional, by- og bygdeutvikling
- klima og energi
- livskvalitet og like moglegheiter
- naturmangfald og areal
- verdiskaping og kompetanse
- samt samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.

Statsforvaltaren i Vestland har i brev dagsett 02.02.2024 til alle kommunane i Vestland, sjå vedlegg, innleiingsvis skrive om kommunane sine pliktar knytt til planlegging, og viser mellom anna til anna til folkehelselova, rikspolitiske retningsliner for barn i planlegging, samt dei statlege planretningslinene. I brevet vert det vist til konkrete tema i arealplanar som er viktig å følgje opp. Både jordvern, naturmangfald, beredskap og FN sin naturavtale frå desember 2022 teke opp som viktige tema.

Vurdering

Masfjorden kommune har hatt folketalsauke som eit overordna mål. Ved siste folketalsstatistikk (4. kvartal 2023) var det 1694 innbyggjarar i kommunen. Kommunen har heilt sidan samfunnsplanen vart vedteken prioritert høgt lokalsamfunnsutvikling og bustadbygging.

Planstrategien skal vera eit prioriteringsverktøy, slik at det planarbeidet som har størst effekt for å nå kommunen sine hovudmål eventuelt regionale/nasjonale mål vert prioritert.

I vedlagde framlegg til planstrategi er det skrive opp planar som ein ønskjer skal koma i gang med i perioden 2024 – 2027. Sidan kapasiteten til å gjennomføra større planarbeid er avgrensa med omsyn på både administrative og økonomiske ressursar, er det etter rådmannen si vurdering viktig å avgrensa omfanget av planarbeidet som skal skje.

Vidare meiner rådmannen at ny folkehelseoversikt må vera på plass før arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel startar opp hausten 2024. Dette vert grunngjeve med at noverande folkehelseoversikt er frå 2019, og at den i stor grad difor baserer seg på tal og fakta tilbake til år 2018.

Konklusjon

Rådmannen meiner det er viktig at formannskapet drøftar grundig kva planarbeid kommunen vil prioritera å starta opp i denne 4 årsperioden, og at ein prøver å avgrensa omfanget av planarbeid. Det vert vist til vedlagde framlegg, og at dette også må på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 10-1.

Vedlegg

- 1 Kommunal planstrategi – forventningsbrev frå Statsforvaltaren til kommunane
- 2 Folkehelseoversikt Masfjorden - 2019